

Sak: Plassering av ny barneskule i Sogndal

Uttale frå aktivitets- og friluftsrådet i kommunen (sak 11/2023 i møte den 01.03.2023)

Basis- og fleirbrukshall

Kommunestyret har vedteke at basis- og fleirbrukshall skal vurderast som del av skuleutbygginga. Den organiserte idretten i idrettslaga og den sjølvorganiserte aktiviteten for dei som fell frå dei organiserte tilboda, treng areal som kan tilfredsstille dei ulike behova for fysisk og sosial aktivitet.

Forsking syner at bevegelseskulturen endrar seg og vert meir individualisert. Det er grunnen til at stat og fylkeskommune oppmodar kommunar å tenkje aktivitetsareal for sjølvorganisering av bevegelses-aktivitet for unge.

Uavhengig av plassering av den nye 1 - 7 – skulen, er det difor viktig at kommunen tilbyr areal som fangar opp barn og unge sine behov for dei som driv aktiv idrett, så vel som dei som driv sjølvorganisert aktivitet.

Det er svært positivt med kommunen si deltaking i fylkeskommunen sitt prosjekt om nyskapande aktivitetsanlegg

Det er viktig å merke seg at Sogndal idrettslag ønskjer aktivitetsflater som gir ei god hallfordeling, styrkar breidda i tilboda og gir meir føreseielege treningstider og får leigekostnadane ned i høve til i dag.

Fleirbrukshall vil vere ein sosial møteplass for mange. Den vil gi ikkje berre Sogndal idrettslag, men også andre lag og organisasjonar eit løft gjennom

- å løfte folkehelsearbeid for innbyggjarar i alle aldrar
- førebygging og rehabilitering ved sjukdom og skadar
- styrke etablerte miljø
- gi vekst til nye miljø
- bidra til integrering og hindre utanforskap

Kommunen bør vurdere samlokalisering av idrettsareal for å kunne ha ei effektiv og praktisk drift av tilbod og bruk.

Aktivitets- og friluftsrådet er svært oppteken av at hallen vert prioritert inn som ein del av prosjektet, uansett kva stadalternativ for skuleplassering som vert valt.

Det er viktig for aktivitetstilbodet til barn og unge i Sogndal at fleirbrukshallen vert realisert innan rimeleg tid.

Uteområdet – utandørs aktivitetsareal

Det er svært viktig at uteområdet til skulen har kvalitetar som fremjar fysisk aktivitet.

Skulen er planlagt til å ta i mot opp mot 700 elevar. Utbygginga stiller difor store krav til at uteområdet er stort nok og tilfredsstiller krava Helsedirektoratet har sett knytt til uteareal i forskrift for miljøretta helsevern for barnehagar og skular.

Uteområdet skal ha areal som kan by på

- fysisk aktivitet
- sosialt samvær
- rekreasjon og kvile

Arealet skal fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet og organiserte aktivitetar knytt til undervisninga.

Tilrådd uteareal for nye skular med fleire enn 300 elevar – ca. 15 000 m² + 25 m² for kvar elev over 300 elevar. Samla utearealbehov ved utbygging for estimert 700 elevar, vil difor vere ca. 25 000 m².

Tilleggsareal i rimeleg nærleik, som for eksempel idrettsanlegg, skog og utmark som skulen disponerer i skuletida, vil normalt kunne reknast med i arealet. (Jf. Rettleiar til forskrift for miljøretta helsevern for skular).

Rådet vil også tilrå å vektlegge rimeleg kort og trygg tilkomst til varierte naturområde i nærområdet til skulen.

Vidare meiner rådet det, uansett skuleplassering, er viktig å sikre at det ved Trudvang vert sikra og vidareutvikla eit friluftareal for fysisk aktivitet og rekreasjon til sjølvorganisert og kan hende også organisert aktivitet. Dette er viktig å ha nært der barn og unge bur, og det vil vere ein positiv arena for barn og unge som trekkast mot sentrum.

Å ha stort nok areal til disposisjon for gode uteaktivitetar, er viktige premisser ein må tenke på ved utforming og plassering av ny 1- 7- skule.

Om kommunestyret vel å utvikle området på Kvåle til skule/fleirbrukshall, er det viktig å gjere politikarane merksame på endringar på Kvåle stadion då kommunen i 2009 gjorde vedtak om å leggje kunstgras på stadion, og å erstatte kastfelt på utsida av løpebanene. Kvåle stadion har status som regionanlegg for friidrett, og friidretten vart skadelidande ved omlegging til kunstgras på bana.

I 2009 og 2010 søkte kommunen om kr. 633.000 (spelemidlar) til område for kastøvingar. Dette var då eit prioritert område og er omtalt i sak 09/2413-4.

Etter at kommunen fekk innvilga spelemidlar til nytt kastfelt, rehabilitering av løpebane og kunstgras, har ikkje lovnadane om kastfelt utanfor løpebanene vert følgt opp.

Kommunen har no ein gylden sjanse til å fylje opp tidlegare vedtak dersom arealet rundt Kvåle stadion skal vurderast til utbyggingsformål.